



## Haustetidsvurderingar av eple i veke 38, måndag 14. sept.

Det er utfordrande innhaustingstilhøve pga mykje nedbør siste tida. Tenk HMS når ein køyrer i bratta! Det blir no lettare ver og lenger mellom regnbygene utover veka, men enno vil det vere sleipt å køyre.

### Summerred

Det er teke ut to nye prøvar av dei seinaste Summerred-felta frå sist veke. Begge felta har utvikla fin fruktkvalitet og er haustklar. Stivenedbrytinga har halde fram og gitt auka sukkerinnhald. Fastleiken har gått ned mot nedre del av optimalområdet og frukta må haustast før den blir for mjuk.

Summerred må no haustast i alle felt.

### Summerred

Rettlei. Til Bama\*

Dyrkar	K Strand		ET Rake			
Adresse	Loen		Rake			
Prøve nr	1		2			
Dato	07.09.2020	14.09.2020	07.09.2020	14.09.2020		
Fruktvekt	164	<b>174</b>	169	<b>0,153</b>		
Avling	2 til 3	<b>2 til 3</b>	2 til 3	<b>2 til 3</b>		
Fastleik	7,8	<b>7,2</b>	7,5	<b>7,2</b>	7,0-8,0	6,0-7,0
Ref	11,2	<b>11,9</b>	11,2	<b>11,6</b>	10,5	10,5
Stive	3,9	<b>5,4</b>	3,9	<b>5,8</b>	5,0-7,0	
Streif	0,172	<b>0,112</b>	0,172	<b>0,107</b>	0,09-0,11	

\*50 % dekkfarge. Grunnfarge C3-C4

Prøve 1:



Prøve 2:





## Raud Gravenstein

Prøvane med Raud Gravenstein er henta frå nye felt. Det er ujamn og lita avling og frukta er jamt over stor. Det har gått litt treigt å få dekkfargen på plass i Raud Gravenstein. Den har kome seg siste veka, men enno manglar det litt både dekkfarge og grunnfarge.

Sukkerinnhaldet er høgt og vidare stivenedbryting vil auke dette framover mot hausting, då det enno er bra med stive att i epla.

Tidlege felt kan starhauste kring komande helg. Seinare felt og eldre hagar må vente til komande veke.

Raud Gravenstein							Til Rettlei. Bama*	
Dyrkar	K O Loen		E T Rake		GA Vereide			
Adresse	Loen		Rake		Sandane			
Prøve nr		1		2		3		
Dato	07.09.2020	14.09.2020	07.09.2020	14.09.2020	07.09.2020	14.09.2020		
Fruktvekt	280	<b>247</b>	243	<b>230</b>	257	<b>250</b>		
Avling	1 til 2	<b>1 til 2</b>	1 til 2	<b>1 til 2</b>	1 til 2	<b>1 til 2</b>		
Fastleik	7,9	<b>7,7</b>	8	<b>7,6</b>	8,2	<b>8</b>	7,0-8,0	6,0-7,0
Ref	11,7	<b>12,3</b>	11,6	<b>11,9</b>	11,5	<b>12,1</b>	10,8	10,8
Stive	2	<b>3,4</b>	2,1	<b>2,8</b>	1,5	<b>2,7</b>	5,0-7,0	
Streif	0,337	<b>0,182</b>	0,33	<b>0,228</b>	0,475	<b>0,244</b>	0,09-0,16	

\*50 % dekkfarge.Grunnfarge C3-C4

Prøve 1:



Prøve 2:





Prøve 3:



Haust frukta etter fargeutvikling; 50 % raud dekkfarge og grunnfargen skal vere lys gul, jfr. C3 på fargevifta.

### Raud Aroma

Det er teke ut to prøvar Raud Aroma frå nye felt. Det er ujamnt med frukt på trea og epla er jamt over store. Haustetidsvurderinga viser at epla enno må hange på.

Raud Aroma		Til Rettlei. Bama*		
Dyrkar	Erlend Hamre	K O Loen		
Adresse	Sandane	Loen		
Klon	Fagravoll	Fagravoll		
Prøve nr	1	2		
Dato	14.09.2020	14.09.2020		
Fruktvekt	187	179		
Avling	2 til 3	1 til 3		
Fastleik	6,5	7,4	6,0-8,0	6,0-7,0
Ref	12,2	11,3	11,2	11,2
Stive	3,4	3	4,0-5,0	
Streif	0,158	0,219	0,09-0,20	

\*50 % dekkfarge. Grunnfarge C3

Prøve 1:



Dei to epla t.v. med skinande raudfarge har innrôte kring kjernehuset (bilete under) og er skifta ut før stivemålinga. Fastleiken i frukta er komen langt ned på denne prøva, men enno



er det bra med stive att og frukta må enno hange på litt for å utvikle dekkfarge og grunnfarge, sjølv om streifverdien er komen i optimalområdet.

Nye prøvar komande veke vil nok bekrefte at haustestart er nær førestående.



Eple som har utvikla ein skinande raudfarge samanlikna med naboeppla har som regel ein skade, her innrôte kring kjernehuset. Begerrôte, som ein ser lite av i hagane i år, vil gje ei liknande fargeutvikling.

Prøve 2:



Også i dette feltet er modninga komen godt i gang med fin fargeutvikling. Frukta er fastare enn i prøve 1 og inneheld og meir stive. Nye prøvar komande veke vil fortelje meir om farten på utviklinga.

Helsing NLR Vest  
Rune Vereide



**Norsk** **Vest**  
**Landbruksrådgiving**